

Fra: "Tor Helge Haara Tjemsland" <leiar.roidal@fjellstyrene.no>
Sendt: onsdag 3. juli 2024 10.20.21
Til: "Børresen, Trond Erik" <TrondErik.Borresen@lyse.no>
Kopi: "Otterdal, Bjørn Roger" <BjornRoger.Otterdal@lyse.no>; "Børresen, Trond Erik" <TrondErik.Borresen@lyse.no>; "Jakob Fjellanger" <jfj@nve.no>; "NVE Postmottak" <nve@nve.no>; "Ullensvang kommune" <postmottak@ullensvang.kommune.no>; "postmottak@suldal.kommune.no" <postmottak@suldal.kommune.no>; "Røldal fjellstyre" <roidal@fjellstyrene.no>
Emne: Krav om tilleggskdokumentasjon for vilkårsrevisjon, O/U RSK

LYSE KRAFT DA

KRAV OM TILLEGGSdokUMENTASJON FOR VILKÅRSREVISJON, OPPRUSTING OG UTVIDING AV RØLDAL-SULDAL KRAFTVERKA

Røldal fjellstyre ser eit behov for eit utvida kunnskapsgrunnlag i tilknytning til utviding og opprusting av Røldal-Suldal kraftverka. Dette for å få eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag og for å kunne gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming.

Viser i denne samanhengen til mail frå «Verneområdestyre for SVR», datert 13.05.24, og brev frå Suldal kommune, datert 24.06.24. Røldal fjellstyre støttar opp om krava som vert stilt i desse breva, og viser til desse i sin heilheit.

I tillegg til krava deira, saknar Røldal fjellstyre tilsvarande utgreiingar for Hardangervidda villreinområde. Det kjem fram frå fagrapportane vedlagt søknadane, at det totale nedbørsfeltet til RSK er om lag 790 km². Eit grovt overslag (frå underteikna), gjev at i overkant av 200 km² av dette ligg innanfor Hardangervidda villreinområde (~ 25%). Noko av dette nedbørsfeltet ligg også innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Innanfor Hardangervidda villreinområde er det fire reguleringsmagasin (Valldalen, Vestre- og Austre Middyrvatn og Nupstjørn), samt minst eit bekkeinntak (Stutakvelven).

For å tydeleggjere viktigeita nedbørsfeltet til RSK har for villreinen på Hardangervidda, kan Fjellstyret vise til vedtak frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) frå 2021. I grunngevinga vert det skrevet:

«Klima- og miljødepartementet mener det er god kunnskap om villreinens bruk av områdene i Valldalen. GPS-studier og fotodokumentasjon viser at områdene rundt Valldalen har meget høy verdi som kalvingsområder og derfor er viktige å ta vare på i et langsiktig forvaltnings-perspektiv. KLD vurderer at soneendring fra nasjonalt villreinområde til stølsdal under 900 meter over havet i Valldalen, kan medføre økt menneskelig aktivitet i form av fysiske inngrep og ferdsel. Dette vil påvirke villreinens bruk av området negativt, og kan medføre at området går tapt som økologisk funksjonsområde for reinen. Villreinnemda for Setesdalsområdet har gått imot endring av grensene for nasjonalt villreinområde i Valldalen, og viser til at områdene øst for Valldalen kan få økt verdi når nye tunneler åpner for bedre trekkmuligheter mellom Setesdalsheiene og Hardangervidda.»

Utdraget er henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/regional-plan-for-hardangervidda-2019-2035-vesentlige-innvendinger/id2873361/>

For Røldal fjellstyre er det ein vesentleg mangel i kunnskapsgrunnlaget i søknaden, at konsekvensane reguleringa har for villreinen på Hardangervidda ikkje er inkludert. Tilsvarande

er det ein vesentleg mangel at ein ikkje ser på kva konsekvensar opprusting og utviding av RSK-anlegga kan få.

Røldal fjellstyre ynskjer å vise til at ein i sak om opprusting og utviding av RSK-anlegga må gjere ei heilskapleg vurderinga av den samla belastinga på villreinen i Setesdal-Ryfylke villreinområde, samt Hardangervidda villreinområde, jf. naturmangfaldlova §10. NVE må vurdere belastinga på villreinen ut frå den samla belastinga i villreinområdet (hyttebygging, veg, planlagde kraftutbyggingar osv.).

I dei tilfella ein ikkje kan seie sikkert kva konsekvensar tiltaket vil få, til dømes med tanke på sikker is på Votna, Valldalen eller Holmevatnet, så må før-var-prinsippet, jf. §9, vege tungt.

Under er ei oversikt over kva tilleggsutgreiingar Røldal fjellstyre meiner må på plass for å få eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag, og for å kunne gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming. Underteikna har ikkje brukt mykje tid på argumentasjonen, då denne for det meste er tilsvarende som for villreinen i Setesdal-Ryfylke villreinområde. Om noko er uklart, eller ein saknar argumentasjon for nokre av kulepunkta, ber eg om moglegheit til å supplere med dette.

Vilkårsrevisjon:

Røldal fjellstyre meiner det er behov for fylgjande tilleggsutgreiingar:

1. Villreinen sin faktiske arealbruk, samt utbyggingsalternativ, for villreinstamma i Setesdal-Ryfylke

- Røldal fjellstyre viser til brev frå Suldal kommune og verneområdestyret for SVR, og støttar opp om desse. Røldal fjellstyre ber i tillegg om at ein ikkje avgrensar utgreiingar om villreinen sin faktiske arealbruk til området rundt Holmavatn, men inkluderer heile den nordlege delen (altså nedbørsfeltet til RSK) i utreiinga. Ein må bruke alle tilgjengelege GPS-data, frå 2006–2024.

2. Kunnskap om påverknad, og konsekvensar, for villreinstamma på Hardangervidda.

- Dette manglar heilt i samband med vilkårsrevisjonen. I praksis manglar det her potensielt ein miljørapport. Ein treng, som eit minimum, eit utvida kunnskapsgrunnlag som ser på:
 - Villreinen sin bruk av området (historisk kunnskap, samt GPS-posisjonar)
 - Spesielt mtp. dagens bruk av reguleringsområda
 - Kva funksjonsområdet er berørt (kalvingsområde, viktige vinterbeiter osv.)
 - Kva påverknad har dagens RSK-anlegg på ferdsel (motorisert, turist, ism. drift av anlegga, o.l..)
 - Infrastruktur
 - Påverknad på trekkvegar (og moglegheit for utveksling med Setesdal-Ryfylke villreinområde)
 - Ein må vurdere kva positiv effekt det kan ha for reinsdyra at dagens E134 vert lagt i ny trase forbi reguleringsmagasinet Votna, sett ut frå dagens «reguleringssituasjon».
 - Potensialet for miljøforbetringar for villreinen

3. **Røldal fjellstyre meiner analysen av GPS-posisjonane til villreinen, både på Hardangervidda og for Setesdal-Ryfylke, vil vere av så stor betydning at ein må sende ein førespurnad til ein tredjepart, til dømes NINA, om å tilarbeide og analysere dataa.**
- Røldal fjellstyre er uroa over at det i Norconsult sine miljørapportar ikkje er tatt omsyn til villreinen på Hardangervidda.
 - Fjellstyret finn det urovekkjande at ein brukar konsulentar som ikkje ser nytta av å inkludere dei nyaste GPS-posisjonane, kor ein òg får inkludert ein ny type data (frå villreinbukk).

Opprusting og utvidingsprosjekt:

Røldal fjellstyre meiner det er behov for fylgjande tilleggsutgreiingar:

- **Kunnskap om påverknad, og konsekvensar, for villreinstamma på Hardangervidda.**
 - Manglar heilt i samband O/U-prosjektet. Ut frå kunnskapsgrunnlaget ein må tileigna seg i samband med vilkårsrevisjonen (sjå over), må ein i tillegg utvide kunnskapsgrunnlaget til å inkludere:
 - Konsekvensar av ikkje-farbart Valldalsvatn (pga. usikker is) for menneskeleg ferdsel. Kva alternative ferdselstrasear har ein innover Hardangervidda (eller til stølane på austsida av vatnet)? Og kva konsekvensar vil endra ferdsel ha for villreinen.
 - Konsekvensar for villreinen ved at Valldalen og Votna vert «pumpekraftmagasin».
 - Spesielt Votna. Sett i ljøs av ny trase for E134.
 - Påverknad på trekkvegar (og moglegheit for utveksling med Setesdal-Ryfylke villreinområde)

Mvh
Tor Helge Haara Tjemsland
Leiar Røldal Fjellstyre

Mob.: +47 481 03 170
e-post: leiar.roidal@fjellstyrene.no